



Gloppen kommune

Rådmannen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Paal Fosdal/Jan Tore Rosenlund

Vår ref. (oppgjje ved svar)
19/2698

Dykkar ref.

Dato
25.02.2019

Førebles tilbakemelding på rapporten om Trivselshagen

Rapporten frå Vidsyn rådgivning AS har ikkje vore politisk behandla i Gloppen, berre referert for formannskapet. Denne tilbakemeldinga er derfor frå ordføraren og rådmannen.

Rapporten inneheld til saman 21 tilrådingar. Gjennomføringa av desse vil naturleg nok vere avhengig av kva løysing som blir valt for det vidare samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen om eigarskap og drift av anlegget.

Tilråding nr 16 er at selskapet blir ført tilbake til eit meir tydeleg eigedomsselskap. Viss løysinga blir at IKS-et – eller ei anna selskapsform – berre blir eit reint eigedomsselskap, må tilrådingane tilpassast dette. Derfor bør kommunen og fylkeskommunen avklare dette hovudpunktet før vi tar stilling til korleis og i kva omfang dei andre tilrådingane skal gjennomførast.

Ei rask kommunal tilbakemelding på kvar enkelt tilråding i rapporten er:

| Tilråding | Merknad |
|-----------|---|
| 1. | OK. Vi må likevel vurdere i kor stor grad dette er nødvendig viss organiseringa blir eit reint eigedomsselskap utan drift |
| 2. | OK |
| 3. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 4. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 5. | OK |
| 6. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 7. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 8. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 9. | OK |
| 10. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 11. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 12. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 13. | OK |
| 14. | OK |
| 15. | OK |
| 16. | OK |
| 17. | Må handterast etter same prinsipp som tilråding nr 18 |
| 18. | OK |
| 19. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 20. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |
| 21. | OK, men med same merknad som til tilråding nr 1 |

Adresse
Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon
57 88 38 00

Org.nr
964 969 124

E-post
post@gloppen.kommune.no

Internett
www.gloppen.kommune.no

Felles eigarskap – felles ansvar

For kommunen sin del er det viktig å halde på ein felles eigarskap til anlegga. Så langt ser vi ikkje andre modellar enn eit IKS som betre eigna organisering av dette. Vårt syn er at IKS-et – eller ei anna selskapsform som vi eventuelt måtte bli samde om – berre skal vere eit reint eigedomsselskap.

Så må vi i fellesskap – og som likeverdige partar – finne ut av korleis vi driftar anlegget, fordeler utgiftene og inntektene og administrere bruken av anlegget.

Vidare arbeid

Gloppen kommune er sjølvstilt innstilt på å gje det vidare arbeidet høg prioritet med det klare utgangspunktet at nye avtalar skal vere ferdigforhandla før sommarferien.

Vi stiller i forhandlingane utan noko bunde mandat, men har som sagt eit klart ønskje om at eigarskapen til anlegget ikkje blir delt opp. Kommunen vil bidra aktivt til å rydde av veggen alle uklare punkt i samarbeidet med fylkeskommunen.

Frå kommunen si side er det eit ønskje om at heller ikkje fylkeskommunen går inn i forhandlingane med absolutte standpunkt. Dersom fylkeskommunen ser andre modellar enn IKS til eit felles eigarskap, vil vi sjølvstilt også sjå på dette. I så fall ville det vore fint om desse alternativa kom fort på bordet.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
Tlf. 476 21 981

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Jan-Kjetil Øygaard
Leidulf Gloppestad
Ola Tarjei Kroken
Styreleiar i Trivselshagen IKS
Øystein Sundal